

Tiltaksstrategi for Nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Prioritering av tilskot og tilskotssatsar til skogkultur



Suldal kommune

2024 - 2029

Innholdsliste

1. Bakgrunn	2
2. Prosessen	3
3. Overordna føringar	3
4. Regelverk.....	3
5. Kort om skogbruket i Suldal kommune	4
6. Hovudutfordringar i skogbruket	5
7. Aktivitetsoversikt siste 10 år	5
8. Prioriterte tiltak.....	6
9. Vurdering av behov	7
9.1 Planting	7
9.2 Ungskogpleie	7
10. Mål.....	7
11. Tilskotssatsar	7
12. Strategiar og tiltak	9

1. Bakgrunn

Hovudformålet med strategien er å stimulera til ein berekraftig auke i verdiskapinga i skogbruket. Gjennom tilskotsordningar og samarbeid med lokale interesse-organisasjonar i landbruket vil kommunene vere med å utvikle skognæringa ytterlegare i tråd med overordna og regionale føringar for skogpolitikken.

Auka skogproduksjon og oppbygging av kvalitetsskog for størst mogleg klimanytte og verdiskaping er sentrale regionale og nasjonale målsettingar for skogbruket. God tilgang på klimanøytrale byggematerial, andre trebaserte produkt og råstoff til energiformål frå skogen er sentralt i det grønne skiftet, der næringsverksemd i større grad enn før må baserast på fornybart og klimavenleg råstoff.

For skogbruket føreset dette at ein tek vare på og vidareutviklar råstoffbasen og driv ei berekraftig hausting av skogressursane i tråd med norsk PEFC-standard. Det betyr i praksis å sikre tilsvarande produksjon og kvalitet på framtidsskogen etter hogst (oppfølging av foryngingsplikten) og unngå avskoging.

Desse overordna måla er i tråd med FNs klimapanel sine tilrådingar, og tiltaksstrategien skal støtte opp under disse sentrale og viktige målsetingane.

2. Prosessen

Utkast til tiltaksstrategi er utarbeidd av administrasjonen i Suldal kommune med bakgrunn i aktivitetstal for hogst og skogkultur i kommunen siste 10 år, nasjonale, regionale og lokale skogpolitiske mål og innspel frå Statsforvaltaren i Rogaland. Næringsaktørar og lokale interesseorganisasjonar i landbruket har hatt høve til å gje uttale til strategien.

Den 5-årige tiltaksstrategien er handsama politisk av LMT-utvalet den 06.02.2024.

3. Overordna føringar

Følgjande styringsdokument og lovverk ligg til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- Lov om skogbruk (skogbrukslova)
- Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-forskrifta)
- Aksjonsplan for landbruket i Suldal
- Hovudplan for skogsvegar
- Kystskogmeldinga 2022
- Handlingsplan for skogbruket i Rogaland
- Regionalplan for energi og klima i Rogaland
- Regionalplan for landbruket i Rogaland
- FNs bærekraftsmål
- Meld. St. 6 (2016-2017) Verdier i vekst. Konkurransedyktig skog- og trenæring
- Meld. St. 13 (2020–2021) Klimaplan for 2021–2030

4. Regelverk

Utarbeiding av tiltaksstrategien og bruken av tilskotsordningane er heimla i Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-forskrifta). Føremålet med tilskotet er at det ut frå regionale og lokale prioriteringar vert stimulert til auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert teke vare på og vidareutvikla.

Kommunen har ansvar for å sakshandsame, rettleie og informere skogeigarane om ordningane heimla i NMSK-forskrifta. Generelt har kommunen eit ansvar for næringsutvikling og vidareutvikling av skognærina gjennom motiverings- og mobiliseringsarbeid.

Det er utarbeidd felles overordna retningslinjer for alle kommunar i Rogaland for forvaltning av tilskot til skogsvegar, taubane og drift heimla i NMSK-forskrifta. Denne ordninga er ikkje ein del av denne tilskotsstrategien, men det er naturleg å sjå dei i samanheng.

5. Kort om skogbruket i Suldal kommune


Suldal er den største skogkommunen i Rogaland i areal. Me har eit variert skogsbilde, då landskapet strekker seg frå fjord til fjell, kystklima til innlandsklima. Suldal har mange små og mellomstore bruk, og driftsform er ofte kombibruk mellom jord og skog, der skogen er tilleggsnæring. Det er registrert 483 skogeigarar i Suldal.

Produktivt skogareal er på 286 645 dekar og dette utgjer 18,1 % av arealressursane ut frå produksjonsgrunnlaget for jord- og skogbruk i Suldal.

Skoginformasjon

	Barskog	Blandingsskog	Lauvskog	Skog på myr	Totalt (daa)
Svært høy bonitet	17 392	3 767	20 590	7	41 756
Høy bonitet	71 983	28 711	48 537	0	149 231
Middels bonitet	34 720	14 652	31 573	0	80 945
Lav bonitet	13 129	1 627	1	0	14 757
Uproduktiv skog	113 925	31 523	143 203	1 685	290 336
Uklassifisert skog					17 836
Totalt	251 149	80 279	243 905	1 692	594 862

Kilde: NIBIO, AR5 årsversjon 2022 og AR50 årsversjon 2021.



Bonitet angir arealenes produksjonsevne for skog, i hovedsak vurdert som potensiell bonitet for bartrær. Informasjon om bonitet og treslag er hentet fra AR5.

Skog utenfor kartlagte arealer i AR5 er hentet fra AR50. Disse arealene er ikke klassifisert etter bonitet og treslag og gjengis som uklassifisert skog i tabellen over. Uproduktiv skog er areal hvor produksjonsevnen for skog er mindre enn 0,1 m³ per dekar og år.

Siste områdetakst for Suldal var i 2002. Jamfør hovudplan for Skogbruksplanlegging i Rogaland står Suldal kommune med oppstart for ny områdetakst i 2023, men dette har blitt forskjøvet fram i tid.

6. Hovudutfordringar i skogbruket

Skogkultur

Statistikk visar at Suldal har noko etterslep på plantesida. Noko kan skyldast omdisponering av areal, men det har og vore hogstar med manglande forynging. Plantinga blir heller ikkje alle stader godt nok følgd opp i forhold til om supplering bør gjerast. I plantefelt kan me ha utfordringar knytt både til beiteskadar frå hjort og husdyr, gransnutebilla og at planter av andre årsaker går ut.

Ungskogpleie ser me og har vore forsømt i mange felt. Det bør i kommande periode vere ei prioritert oppgåve for administrasjonen å jobbe for å følgje opp skogeigar slik at han/ho ser verdien og nytten av tiltaket og ønskjer at dette blir gjennomført.

Infrastruktur

Stort potensial i å få skrevet opp både fylkes- og kommunale vegar, slik at det blir mogleg å køyre med tømmarbil og hengar og unngå kippekøyning. Dette vil gi stor gevinst både økonomisk for skogeigar og entreprenør, mindre vegslitasje og utslepp av co2 med færre turar.

Nytte blandingsskogen


Vri hogsten over frå gran til furu og lauv. Har vore noko problem med for tidleg hogst av gran. Det å kunne avvirke meir furu/lauv, vil avlaste grana til den er hogstmoden. Der forholda ligg til rette, kan planting av gran etter furu/lauv- hogst auke produksjonen og opptak av co2.

7. Aktivitetsoversikt siste 10 år

Statistikk over hogst og skogkultur visar at Suldal er ein aktiv skogkommune i Vestlandsk skala.

Årstal	Avvirkning	Planting, tal	Supplering, tal	Ungskogpleie daa
2012	10470	62025	6660	629
2013	26835	71500	5950	194
2014	28323	32700	5150	115
2015	42558	102050	14900	26
2016	15931	234997	2950	52
2017	9449	68458	5452	172
2018	18913	46000	8680	85
2019	19247	95020	11250	0
2020	14859	45870	26050	203
2021	8646	40000	14900	59
2022	8385	46900	32250	308

Om ein gjer avvirkning og planting om til dekar, ved å rekne om lag 50 m³ pr dekar avvirka ved hogst og 250 planter pr dekar ved planting, får me ein figur som følgjar. Dette er ca-tal då spesielt m³/dekar vil variere med treslag, bonitet og hogstalder. Det er ikkje krav om kartfesting av hogst, dermed ikkje tilgjengelege presise tal for avverka areal.



8. Prioriterte tiltak

Suldal kommune vil jobbe aktivt for å bidra til ei oppbygging av god produksjons- og kvalitetskog.

Oppfølging av foryngingsplikta etter hogst skal ha prioritet. Deretter er det også viktig å følgje opp plantefeltet, både med behov for suppleringsplanting og ungsogpleie.

Sistnemte er særst viktig for produksjon av kvalitetsskog når foryngelsen er sikra. Ungskogpleie er eit av dei mest lønnsame tiltak ein skogeigar kan gjere for å ta vare på tidligare investeringar som t.d planting og supplering.

Infrastrukturtiltak/skogvegbygging er og viktig. Eit godt vegnett sikrar eit meir effektivt skogbruk gjennom heile omløpet. Med dette på plass, er det enklare å hogge det markedet etterspør når prisene er gode og vegane ligg der for enklare tilkomst for skogkulturtiltak etter hogst.

9. Vurdering av behov

9.1 Planting

Ut frå hogst- og planteaktivitet dei siste 10 åra er estimert plantebehov inkludert etterslep på om lag 600 dekar. Noko av dette omdisponert til andre føremål i perioden, men me har framleis eit plantebehov. Suppleringsplanting er også viktig å følgje opp då det somme plassar er utfordringar med beiteskader, gransnutebille og ande naturgitte forhold som kan gi småplantane problemar i etableringsfasen.

9.2 Ungskogpleie

Normalt betyr planting på høg og super bonitet at ein må ha minst 2 rundar med ungsogpleie. Ut frå plante- og ungsogpleiestatistikken dei siste 10 - 15 åra estimeres eit ungsogpleiebehov inkludert etterslep på om lag 1500 dekar.

10. Mål

Det er vanskeleg å talfeste årlege aktivitetsmål. Då aktivitet på skogkultursida er avhenging av hogstaktiviteten. Store hogster utløyser stort skogskulturbehov, men hogsten varierer ut frå etterspørsel og pris. Me bør ha som mål å hente inn etterslep på foryngelse og ungsogpleie og halde oss mest mogleg ajour når etterslepet er henta inn.

11. Tilskotssatsar

Statsforvaltaren har tatt initiativ til at dei statlege tilskotsmidlane til dei ulike skogkulturtiltaka skal ha same tilskotssatsar for alle kommune i Rogaland. Dette bidreg til mest mogleg lik behandling av like tiltak og saker uavhengig av kommunegrenser. Lmt-utvalet vedtok satsene i lmt-sak 122/25. I tillegg har kommunen eigne kommunale tilskotssatser til planting, supplering og ungsogpleie på 25 % av kostnaden.

Tilskotssatser NMSK i Rogaland i 2026

Planting:	Tilskotsprosent
Planting etter hogst av gran	30%
Planting etter hogst av Furu (+Lerk)	50%
Planting etter hogst av Lauv	60%
Suppleringsplanting	60% + TTP (30% i 2025 første 75 pl
Såing	50%

Planter pr dekar: Det gis kun tilskudd til planting opp til øvre grense for tettare planting vist i tabellen under. Kostnad for dei plantene over dette vil få 0 % tilskot. Skjer automatisk i ØKS i dag.

Bonitet	Maksimum plantetal pr dekar som danner grunnlag for tilskudd
26+	270
23	270
20	250
17	230
14	210
11	180
8	150

Andre tiltak	Tilskotsprosent
Ungskogpleie	60%
Gjødsling	50%
Markbereding	50%
Flaterydding	50%
Grøfting, suppleringsgrøfting og grøfterensk	50%
Felling av nyttbart lauv	50%
Inngjerding	30%

Vilkår:

1. Anbefalt kostnadsnivå for skogkulturtiltak i Rogaland utarbeida av Statsforvaltaren leggest til grunn for utmåling av støtte.
2. Det skal berre brukast godkjente treslag og proveniensar i tråd med Skogfrøverket sine anbefalingar for Suldal kommune sitt område og høgdelag.

12. Strategiar og tiltak

Suldal kommune sin hovudstrategi er å bevisstgjere og rettleie skogeigarar om at skogen er ein ressurs som gir inntening og er verdt å satse på! For å få dette til er det viktig at kommunen og næringsaktørane må opplevast som ein god samarbeidspartnar for skogeigarar.

- ha som mål å ta eit overordna ansvar og vidareutvikla gode rutinar for å sikre oppfølging av skogkulturen, helst gjennom aktiv kommunikasjon med skogeigarar og bli med ut i felt.
- halde fram og vidareutvikle det gode samarbeidet med næringsaktørane i forhold til oppfølging av skogkulturarbeidet. Dette inneber også at næringsaktørar veileder skogeigarar i forkant av hogst til å sette av nok skogfond til komande investeringar.
- bli meir aktiv på å nytte dei informasjonskanalene som finst mot målgruppa, til dømes kommunens heimeside og facebook, samt informere i Suldalsbonden. Dette inneber å legge ut denne tilaksstrategien og gjeldande tilskotssatser.
- ha som mål å arrangere skogdag med skogkultur som tema med lokalt skogeigarlag.
- prioritere høge tilskot spesielt til supplering og ungsogpleie. Dette er ikkje lovpålagte oppgåver for skogeigarar, men veldig viktige tiltak for å sikre ein framtidig produksjonsskog. Gode tilskotsordningar kan vere ein motivasjonsfaktor for skogeigarar.
- Ved avgjerd om endring av tilskotssatser og prioriteringar, vil kommunen ha ein dialog med lokale interesseorganisasjonar som t.dømes bondelaget og skogeigarlaget mm.
- Halde fram med valfag skogbruk for 10-klassingar ved Sand skule. Fortrinnsvis finansisert gjennom rentemidlar frå skogfond, om dette ikkje er mogleg skal kommunen sette av midlar i budsjettet.
- Framsnakke skogens rolle i klimasamanheng. At skogen i Noreg tek opp omtrent halvparten av landets CO2 utslepp og er ein fornybar ressurs som bør nyttas meir som byggmateriale framfor stål og betong.